



## **Landbruksundersøkinga 2004 Skogbruk**

## **Sample Survey of Forestry 2004**

## Noregs offisielle statistikk

I denne serien vert det hovudsakleg publisert primærstatistikk, data frå statistiske rekneskapssystem og resultat frå spesielle teljingar og undersøkingar. Serien har først og fremst referanse- og dokumentasjonsføremål. Presentasjonen skjer vesentleg i form av tabellar, figurar og naudsynt informasjon om datamaterialet, innsamlings- og arbeidsmetodar, samt omgrep og definisjonar. I tillegg gis det ei kort oversikt over hovudresultata.

Serien omfattar òg publikasjonane Statistisk årbok og Svalbardstatistikk.

## Official Statistics of Norway

This series consists mainly of primary statistics, statistics from statistical accounting systems and results of special censuses and surveys, for reference and documentation purposes. Presentation is basically in the form of tables, figures and necessary information about data, collection and processing methods, and concepts and definitions. In addition, a short overview of the main results is given.

The series also includes the publications Statistical Yearbook of Norway and Svalbard Statistics

© Statistisk sentralbyrå, januar 2006

Dersom materiale frå denne publikasjonen blir nytta, ver vennleg å oppgi Statistisk sentralbyrå som kjelde.

ISBN 82-537-6909-1 Trykt versjon

ISBN 82-537-6910-5 Elektronisk versjon

### Emnegruppe

10.04.20

Design: Enzo Finger Design

Trykk: Statistisk sentralbyrå/70

Standardteikn i tabellar	Symbols in tables	Symbol
Tal er umogleg	Category not applicable	.
Oppgåve manglar	Data not available	..
Oppgåve manglar førebels	Data not yet available	...
Tal kan ikkje offentliggjera	Not for publication	:
Null	Nil	-
Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	Less than 0.5 of unit employed	0
Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	Less than 0.05 of unit employed	0,0
Førebels tal	Provisional or preliminary figure	*
Brot i den loddrette serien	Break in the homogeneity of a vertical series	—
Brot i den vassrette serien	Break in the homogeneity of a horizontal series	
Desimalskilleteikn	Decimal punctuation mark	,(,)

# Forord

Denne publikasjonen er i første rekkje ein dokumentasjon av Landbruksundersøkinga 2004, der skogbruk var tema. I tillegg inneheld publikasjonen hovudresultata frå undersøkinga. Statistikken er meint å gi eit samla bilete av skogbruksnæringa i Noreg og er laga på bakgrunn av data samla inn ved hjelp av eit spørjeskjema som vart sendt ut til eit representativt utval av skogeigarane i Noreg.

Meir utfyllande resultat frå *Landbruksundersøkinga 2004 – skogbruk* er tilgjengeleg på SSB sine internettsider under emnet skogbruk: (<http://www.ssb.no/emner/10/04/20/skogbruk/> og [http://www.ssb.no/vis/magasinet/slik\\_lever\\_vi/art-2005-09-12-01.html](http://www.ssb.no/vis/magasinet/slik_lever_vi/art-2005-09-12-01.html)) Resultat frå tilsvarande undersøkingar med jordbruk som tema finst under emnet jordbruk: (<http://www.ssb.no/emner/10/04/10/lu/>)

Førstesekretær Madli Judin og rådgjevar Trond A. Steinset har utarbeidd publikasjonen. Ansvarleg seksjonsleiar er Ole Osvald Moss, seksjon for primærnæringsstatistikk.

Statistisk sentralbyrå  
Oslo/Kongsvinger, 2. desember 2005

Øystein Olsen

---

Nils Håvard Lund

# Preface

This publication is mainly a documentation of the Sample Survey of Forestry 2004. In addition, some main results are presented. The statistics give an overview of Norwegian forestry and are based on data collected by questionnaires sent to a representative sample of forest owners.

More results from the Sample Survey of Agriculture and Forestry are available on the Internet:

[http://www.ssb.no/emner/10/04/20/skogbruk\\_en/](http://www.ssb.no/emner/10/04/20/skogbruk_en/)  
[http://www.ssb.no/emner/10/04/10/lu\\_en/](http://www.ssb.no/emner/10/04/10/lu_en/)

Mrs Madli Judin and Mr Trond A. Steinset have prepared the publication. Mr Ole Osvald Moss, Head of Division for Primary Industry Statistics, is responsible for the publication.

Statistics Norway  
Oslo/Kongsvinger, 2 December 2005

Øystein Olsen

---

Nils Håvard Lund

# Innhold

<b>Tabellregister</b> .....	<b>7</b>
<b>1. Om statistikken</b> .....	<b>9</b>
1.2. Bakgrunn og føremål .....	9
1.3. Om produksjon av statistikken.....	9
1.4. Omgrep, variablar og grupperingar .....	9
1.5. Feilkjelder og uvisse .....	10
1.6. Samanlikningar og samanheng.....	10
1.7. Kvar finn ein statistikken?.....	10
<b>2. Hovudresultat</b> .....	<b>11</b>
2.1.. Mange små skogeigedomar (tabell 1 og 2).....	11
2.2. Ein av sju skogeigarar hogg for sal i 2003 (tabell 3) .....	11
2.3. Tre fjerdedelar av skogen økonomisk drivverdig (tabell 4).....	11
2,4. Skogeigarane sin arbeidsinnsats i skogbruket (tabell 5).....	11
2,5. 650 millionar i utmarksinntekter (tabell 6).....	11
2.6. Løsinntekt viktigaste inntektskjelde (tabell 7) .....	11
<b>Vedlegg</b>	
A. Landbruksundersøkinga 2004 - skogbruk .....	20
<b>Tidlegare utgitt på emneområdet</b> .....	<b>24</b>
<b>Dei sist utgitte publikasjonane i serien Noregs offisielle statistikk</b> .....	<b>25</b>

# Contents

<b>List of tables</b> .....	<b>8</b>
<b>1. About the statistics</b> .....	<b>12</b>
1.2. Background and purpose.....	12
1.3. Statistics production .....	12
1.4. Concepts, variables and classifications .....	12
1.5. Sources of error and uncertainty .....	13
1.6. Comparability and coherence .....	13
1.7. Availability.....	13
<b>2. Main Results</b> .....	<b>13</b>
2.1. Small forest properties (Tables 1 and 2) .....	13
2.2. One in seven forest owners cut for sale (Table 3).....	13
2.3. Three quarters of forest area profitable (Table 4) .....	13
2.4. Forest owners' labour input (Table 5).....	14
2.5. NOK 650 million in gross income from outfield activities (Table 6).....	14
2.6. Wages and salaries most important income (Table 7).....	14
<b>Previously issued on the subject</b> .....	<b>24</b>
<b>Recent publications in the series Official Statistics of Norway</b> .....	<b>25</b>

# Tabellregister

---

1. Eigedomar, etter storleiken på produktivt skogareal. Fylke. 2003. Dekar .....	15
2. Produktivt skogareal etter storleiken på det produktive skogarealet. Fylke. 2003 .....	15
3. Avverking for sal, etter hogstmetode. 2003. Prosent .....	16
4. Økonomisk drivverdig areal av produktivt skogareal i alt, etter fylke og produktivt skogareal. Prosent. 2003 ....	16
5. Timar i praktisk skogsarbeid og administrasjon av skogen, etter produktivt skogareal og averka kvantum. 2003 .....	17
6. Bruttoinntekt i 2003 frå attåtningingar som nyttar eigedomens areal og ressursar i skog og anna utmark, etter fylke og produktivt skogareal. 1 000 kroner eksklusiv moms .....	18
7. Gjennomsnittlege inntekter, gjeld og nettoformue for personlege skogeigarar med minst 25 dekar produktivt skogareal, etter fylke og storleiksklasse. Kroner. 2003 .....	19

---

---

## List of tables

---

1.	Properties, by size of productive forest area. County. 2003. Decares .....	15
2.	Productive forest area by size of productive forest area. County. 2003 .....	15
3.	Removals for sale, by type and method of felling. 2003. Per cent .....	16
4.	Profitable area as part of productive forest area, by county and productive forest area. Per cent. 2003 .....	16
5.	Man-hours spent on forestry, by productive forest area and removals of roundwood. 2003 .....	17
6.	Gross income for 2003 in supplementary industries that utilise the properties' area and resources in forest and other outfields. NOK 1 000 exclusive value added tax .....	18
7.	Average gross income, debt and net property for forest owners with at least 25 decares productive forest area, by county and size class. NOK. 2003 .....	19

---



# 1. Om statistikken

## 1.2. Bakgrunn og føremål

### 1.2.1. Føremål og historie

Føremålet med Landbruksundersøkingane er å skaffe relevante data som ikkje er å finne i administrative datasystem, og å skaffe data for eigedomar og jordbruksbedrifter som ikkje blir omfatta av administrative system.

Landbruksundersøkinga er ei av fleire datakjelder som skal gje eit bilete av landbruksnæringa i Noreg. Tema i undersøkinga varierer frå år til år. Arbeidskraft, gjeld, investeringar, driftsmiddel, utvida skogundersøking og miljørelaterte spørsmål som jordarbeiding og praksis for gjødsling, er døme på tema som kjem att med jamne mellomrom.

### 1.2.2. Brukarar og bruksområde

Data frå undersøkinga blir nytta av bransjeorganisasjonane i landbruket, Landbruks- og matdepartementet, Miljøverndepartementet, ulike forskingsinstitusjonar som Norsk Institutt for Landbruksøkonomisk Forskning og Seksjon for miljøstatistikk i Statistisk sentralbyrå.

## 1.3. Om produksjon av statistikken

### 1.3.1. Omfang

Populasjonen for Landbruksundersøkinga 2004 var landbrukseigedomar som var registrerte i Landbruksregisteret med minst 25 dekar produktivt skogareal.

### 1.3.2. Datakjelder

Storparten av opplysningane kjem direkte frå oppgåvegivarane som fyller ut skjema til den årlege landbruksundersøkinga. Basisopplysningar om eigedommen blir henta frå Landbruksregisteret. Landbruksregisteret gir òg informasjon om storleiken på jordbruksareal og skogareal, personar med tilknytning til skogeigedommen og kva for tilknytning dei har.

Til eigedomane i utvalet har vi og kopla til data frå andre kjelder som sjølvmeldinga, likninga og annan personstatistikk for 2003.

### 1.3.3. Utval

Det blir kvart år trekt eit utval skogeigedomar eller jordbruksbedrifter frå Landbruksregisteret som skal gi oppgåve til Landbruksundersøkinga. I 2004 omfatta utvalet 9 197 skogeigedomar med minst 25 dekar produktivt skogareal. Dette utgjør 7,8 prosent av populasjonen det er trekt frå. Utvalet i 2004 vart stratifisert etter storleiken på produktivt skogareal innanfor kvart fylke. Om lag halvparten av det produktive skogarealet er representert i utvalet. Land-

bruksundersøkinga 2004 byggjer på ei inndeling av populasjonen av skogbrukseigedomar med produktivt skogareal på minst 25 dekar i åtte storleiksklasser. Det gir i alt 8 grupper i kvar av dei 18 fylka (Oslo og Akershus er slått saman) - til saman 144 grupper. Det blir fastsett ein trekkprosent for kvar gruppe. Denne aukar frå 2,5 prosent i den minste arealklassa til 100 prosent i dei to største. I grupper med få i utvalet har vi og auka trekkprosenten.

### 1.3.4. Datainnsamling

Skjema blir sendt ut til dei eigedomane som blir trekte ut til å vere med i undersøkinga. Det er eigaren av skogeigedommen som skal gi oppgåve. Dei kommunale landbrukskontora har ei viktig rolle ved innsamling og grovkontroll av skjema.

### 1.3.5. Kontroll og revisjon

Det blir gjort ei rekkje kontrollar og rettingar for å sikre konsistensen både innan eitt enkelt skjema og mellom skjema og tilgjengelege registeropplysningar. Mellom anna blir det teke kontakt med dei lokale landbrukskontora for å avklare ymse spørsmål.

### 1.3.6. Beregningar

På grunnlag av kor stor del av populasjonen som blei trekt ut i kvar storleiksgruppe, lagar ein ei vekt for kvar eigedom i utvalet som er lik tilhøvet mellom talet på eigedomar i populasjonen og utvalet i kvar av gruppene. Denne vekta blei korrigert for eigedomar som blei slått saman til ein eigedom under revisjonen. Det gjeld eigedomar som har same eigar og ligg i same kommunen, men som i Landbruksregisteret var registrert som to eigedomar.

### 1.3.7. Konfidensialitet

I dei fylka der færre enn tre oppgåvegivarar har gitt opplysningar for ein eigenskap, til dømes driftskostnader for tynning, er det ikkje offentleggjort resultat.

## 1.4. Omgrep, variablar og grupperingar

### 1.4.1. Definisjon av dei viktigaste omgrepa og variablane

*Landbrukseigedom:* Ein landbrukseigedom er ein eigedom som blir nytta til eller kan bli nytta til jord- eller skogbruk. Alt som høyrer til same eigar i same kommune høyrer til same landbrukseigedom, utan omsyn til om den omfatta fleire matrikelnummer (grunneigedomar).

*Produktivt skogareal:* Skogareal som under gode bestandstilhøve kan produsere minst 0,1 kubikkmeter trevirke med bork per dekar og år.

*Attåtning:* I Landbruksundersøkinga 2004 er attåtning avgrensa til å gjelde attåtningar som nyttar eigedomens areal og ressursar i skog og anna utmark.

*Næringsinntekt skogbruk:* Skattepliktig skogbruksinntekt. Omfattar gjennomsnittleg skogbruksinntekt for dei fem siste åra for både utanbygds og innanbygds skogbruksinntekt.

*Annan inntekt:* Her inngår kapitalinntekter og alle andre inntekter som ikkje er løn, næringsinntekter eller pensjon.

*Bruttoinntekt:* Summen av alle næringsinntekter, lønsinntekter, pensjonar og kapitalinntekter før frådrag på sjølvmeldinga.

*Næringsinntekt jordbruk:* Næringsinntekt frå jordbruk og hagebruk etter jordbruksfrådraget. Sjukepengar for både jord, skog og fiske er lagt til her.

*Løn:* Bruttoløn før skatt.

Bruttoinntekt frå attåt næringer: Skogeigarane si oppgave over bruttoinntekta dei har hatt frå attåt næringer som nytta eigedomens ressursar i skog og anna utmark.

#### 1.4.2. Standard klassifikasjonar

Ikkje relevant.

### 1.5. Feilkjelder og uvisse

#### 1.5.1. Målings- og handsamingsfeil

Primærdata er henta frå dei skjema som oppgavegivarane fyller ut. Dei kan innehalde feil som den enkelte oppgavegivar gjer når vedkomande fyller ut skjemaet. Ei rekkje av feila blir oppdaga og retta av dei som går gjennom skjemaet ved revisjon i Statistisk sentralbyrå. Ein del feil ved innsamling og handsaming av data er unngåeleg. Det kan vere feil som oppstår ved revisjon, feil i IT-handsaminga mv. Det er utført eit omfattande arbeid for å minske desse feila så mykje som mogleg.

#### 1.5.2. Fråfallsfeil

Fråfall i undersøkinga skuldast manglande innlevering av oppgave frå einskilde oppgavegivarar, eller at ein eigedom er selt. Totalt fråfall for Landbruksundersøkinga 2004 blei 6,5 prosent. I tillegg er utvalet redusert med 0,7 prosent på grunn av samanslåingar av eigedomar. Ved publisering av førebelse tal mangla det skjema frå om lag 4 prosent av utvalet. Reisten av fråfallet skuldast fritak av ulike årsaker.

#### 1.5.3. Utvalsfeil

*Varians:* Det heftar uvisse ved alle utvalsundersøkingar. Generelt blir resultatane meir usikre dess færre observasjonar dei er baserte på. Grupper basert på få observasjonar vil vere særskild merkbare for ekstreme verdiar, det vil si verdiar som avviker mykje frå gjennomsnittet. Slike ekstreme verdiar er difor gitt ei

vekt lik 1, slik at dei berre representerer seg sjølve i materialet.

*Skakke:* I utvalet til Landbruksundersøkinga skal eigedomar i alle storleiksklasser inngå. For å gi ein betre representasjon i enkelte fylke med få eigedomar, er det trekt ein høgare prosent av eigedomane i desse fylka.

#### 1.5.4. Andre feil

*Registerfeil:* Kvaliteten på registergrunnlaget for trekking av utvalet har også noko å seie for kvaliteten på det ferdige resultatet. Når det gjeld storleiken på det produktive skogarealet for ein eigedom, er ikkje Landbruksregisteret godt nok oppdatert. Det same gjeld talet på skogbruks eigedomar. Fleire skogeigarar er registrert med fleire eigedomar i ein og same kommune. Etter definisjonane våre er det ein eigedom. Utvalet vårt er redusert med 65 eigedomar på grunn av samanslåing av eigedomar.

### 1.6. Samanlikningar og samanheng

#### 1.6.1. Samanlikningar over tid og stad

Frå 1971 til 1989 gjennomførte Statistisk sentralbyrå årlege separate utvalsteljingar for skogbruket. Utvalet for perioden 1971-1979 blei trekt blant dei som var oppgavepliktige til Skogbruksteljinga 1967, medan utvalet for 1980-åra blei trekt blant dei som var oppgavepliktige til Landbruksteljinga 1979. Landbruksteljinga 1979 var den første fullstendige teljinga som omfatta både jord- og skogbruk. Frå og med 1990 har det vore ei felles utvalsteljing for jord- og skogbruk: "Utvalsteljing for landbruket". Utvalet for 1990-åra blei trekt blant dei som var oppgavepliktige til Landbruksteljinga 1989. Frå 2000 har teljinga skifta namn til Landbruksundersøkinga, og utvalet er trekt blant eigedomar/jordbruksbedrifter som står i Landbruksregisteret til Statens landbruksforvaltning.

#### 1.6.2. Samanheng med annan statistikk

Resultat frå Landbruksundersøkinga 2004 kan i somme tilfelle samanliknast med resultat frå registerbasert statistikk. Det gjeld i første rekkje den årlege skogavverkningsstatistikken og skogkulturstatistikken. Landbruksundersøkinga 2000 hadde òg skogbruk som hovudtema.

### 1.7. Kvar finn ein statistikken?

#### 1.7.1. Publikasjonar og andre lenker

Hovudresultat frå Landbruksundersøkinga 2004 finn ein på denne adressa:

<http://www.ssb.no/emner/10/04/20/skogbruk/>

Ein kan finne fleire tabellar frå undersøkinga i Statistikkbanken på SSB sine nettsider.

#### 1.7.2. Lagring og bruk av grunnmaterialet

Gjennomgatte og reviderte mikrodata blir lagra.

## 2. Hovudresultat

### 2.1. Mange små skogeigedomar (tabell 1 og 2)

Det var 118 500 skogeigedomar med minst 25 dekar produktivt skogareal her i landet i 2003. Tre av fire skogeigedomar er mindre enn 500 dekar. Gjennomsnittseigedomane er på 570 dekar. Til saman var det produktive skogarealet på 67,4 millionar dekar. Heile 20 prosent av det produktive skogarealet finn ein i Hedmark. I dette fylket har skogbrukseigedomane ein gjennomsnittstorleik på 1 165 dekar.

### 2.2. Ein av sju skogeigarar hogg for sal i 2003 (tabell 3)

I alt var avverkinga i 2003 på vel 8 millionar kubikkmeter. Av dette var 7,1 millionar kubikkmeter tømmer. Det blei hogd tømmer for sal på 16 prosent av skogeigedomane i 2003. Dette er ein nedgang frå 1999 då det blei hogd for sal på 21 prosent av eigedomane. I gjennomsnitt var avverkinga for sal på 367 kubikkmeter per skogeigedom med avverking, ein auke frå 302 kubikkmeter i 1999.

For heile landet kjem 88 prosent av tømmeret frå sluttavverking, 9 prosent frå tynning og 3 prosent frå hogst av vindfall, frøtre og skjermtre. Denne fordelinga var den same i 1999.

### 2.3. Tre fjerdedelar av skogen økonomisk drivverdig (tabell 4)

Skogeigarane meinte at berre 78 prosent av det produktive skogarealet i Noreg var økonomisk drivverdig i 2003. Delen som er økonomisk drivverdig, baserer seg på skogeigarane si vurdering. Denne delen er høgast i skogfylke som Hedmark og Akershus, med knapt 90 prosent. På Vestlandet og i Nord-Noreg blei berre vel halvparten av skogarealet rekna som økonomisk drivverdig.

Skogeigarar med små eigedomar meinte at ein mindre del av den produktive skogen deira var økonomisk drivverdig enn skogeigarar med større eigedomar. Skogeigarane med minst 5 000 dekar produktivt skogareal meinte at 85 prosent av skogen var økonomisk drivverdig. Skogeigarar med mindre enn 100 dekar produktivt skogareal meinte at 62 prosent av skogarealet var økonomisk drivverdig.

### 2.4. Skogeigarane sin arbeidsinnsats i skogbruket (tabell 5)

Stadig færre skogeigarar hogg tømmeret sjølv. I 2003 vart 85 prosent av all avverking utført av hogstmaskiner. Tjue år tidlegare var det under 15 prosent av avverkinga som vart hogd med hogstmaskin. Arbeidsinnsatsen til skogeigarane, deira eventuelle ektefelle/sambuar og lønt arbeidshjelp i praktisk skogsarbeid og administrasjon av skogen var i gjennomsnitt åtte timar per 100 dekar produktivt skog-

areal i 2003. Tilsvarande var arbeidsinnsatsen per 100 kubikkmeter avverka tømmer i gjennomsnitt på vel 68 timar. Arbeid utført av entreprenørar og sjølvstendig næringsdrivande kjem då i tillegg.

### 2.5. 650 millionar i utmarksinntekter (tabell 6)

Skogeigarane hadde i 2003 ei samla bruttoinntekt berekna til 646 millionar kroner frå attåttnæringar som nytta utmarksressursane på eigedomane. 12 prosent av skogeigedomane har oppgitt at dei hadde ei slik attåttnæring i 2003. Det var flest eigedomar med attåttnæring i Buskerud, der ein av fire hadde slik attåttnæring. I Troms og Finnmark var det tilsvarande talet berre 3 prosent. Storleiken på eigedomane har likevel mest å seie for om eigedomane har attåttnæring. Av skogeigedomane på mellom 5 000 og 19 999 dekar hadde tre av fem attåttnæring, medan den tilsvarande delen for eigedomar med minst 20 000 dekar produktiv skog var ni av ti.

I gjennomsnitt var bruttoinntekta frå attåttnæringar på 47 000 kroner for kvar eigedom med attåttnæring. Dei største skogeigedomane hadde naturleg nok dei største inntektene frå desse næringane. Skogeigedomar med mellom 5 000 og 19 999 dekar produktivt skogareal hadde ei gjennomsnittleg bruttoinntekt frå skog- og utmarksbaserte attåttnæringar på 115 000 kroner i 2003. Eigedomane med minst 20 000 dekar produktivt skogareal hadde i gjennomsnitt ei bruttoinntekt på 826 000 kroner frå desse attåttnæringane.

I alt blei det lagt ned knapt 1,3 millionar arbeidstimar – 705 årsverk – i dei utmarksbaserte attåttnæringane i 2003. 769 000 av timeverka blei utførte av skogeigarane sjølve. Det gjekk til saman med 323 000 arbeidstimar til sal av jakt- og fiskerettar og til tilrettelegging for jakt og fiske.

### 2.6. Løsinntekt viktigaste inntektskjelde (tabell 7)

Skogeigarane hadde i gjennomsnitt ei skattbar bruttoinntekt før skatt og frådrag på sjølvmeldinga på 320 000 kroner i 2003. Av det utgjorde løsinntekter 154 000 kroner, pensjonar 50 000 kroner, næringsinntekter 72 000 kroner og andre inntekter 44 000 kroner. Den gjennomsnittlege skogbruksinntekta utgjorde knapt 8 000 kroner.

I Noreg er det knapt 27 000 personlege skogeigarar som har minst 500 dekar produktivt skogareal. Sjølv om det berre er ein knapp fjerdedel av alle skogeigarane, står dei for over to tredjedelar av næringsinntektene frå skogbruket. For desse skogeigarane utgjorde næringsinntekta frå skogbruket i gjennomsnitt 23 000 kroner, eller knapt 6 prosent av bruttoinntekta på 378 000 kroner

# 1 About the statistics

## 1.2. Background and purpose

### 1.2.1. Purpose and history

The purpose of the Survey of Agriculture and Forestry is to obtain data that are not available in administrative data systems and data on units that are not covered by administrative systems.

The Survey of Agriculture and Forestry is one of several data sources that are combined to give an overview of agriculture and forestry in Norway. The themes in the survey vary from year to year. Questions about labour force, debt, investments, fixed assets, extended forest surveys and environmental issues such as tilling and fertilizing practices appear frequently.

### 1.2.2. Users and applications

The data from the survey are used by professional organisations, the Ministry of Agriculture and Food, the Ministry of the Environment, various research institutions such as the Norwegian Agricultural Economics Research Institute and the Division for Environmental Statistics in Statistics Norway.

## 1.3. Statistics production

### 1.3.1. Population

The population consists of properties registered in the Farm Register of the Norwegian Agricultural Authority, and covers forest properties with at least 25 decares of productive forest area.

### 1.3.2. Data sources

The majority of the data are collected in the form used for the annual survey. The Farm Register provides basic information on the size of the agricultural and forest areas and persons associated with the property/holding as owner/holder.

### 1.3.3. Sampling

Every year a sample is drawn from the Farm Register for the Survey of Agriculture and Forestry. In 2004, the sample included 9 197 forest properties with at least 25 decares productive forestland, stratified by the size of the productive forest area and county. The Sample Survey of Forestry 2004 is based on a classification of the population of properties with at least 25 decares productive forest area in eight size classes of productive forest area and 18 counties (Oslo and Akershus are one county) - 144 strata in total. A drawing probability (percentage) is decided for each stratum. This percentage increases from 2.5 per cent in the size class consisting of properties smaller than 100 decares to 100 per cent in the two largest classes. The drawing percentage was increased in strata with few properties.

### 1.3.4. Collection of data

Forms are sent to the properties/holdings included in the survey. The owner or holder provides the data. The municipal agricultural administration plays an important role in the collection of forms and carries out the first control of the forms before they are forwarded to Statistics Norway.

### 1.3.5. Control and revision

A number of controls and corrections are carried out to ensure consistency both with regard to individual forms and between forms and available register information. The local agriculture offices are contacted to clarify any missing information or ambiguities.

### 1.3.6. Estimation

On the basis of the classification of the sample, an extrapolation factor is created for each property in the sample. This factor equals the ratio between the number of properties in the population and in the sample in each stratum.

### 1.3.7. Confidentiality

Results based on three respondents or less are not published.

## 1.4. Concepts, variables and classifications

### 1.4.1. Definitions of the main concepts and variables

**Property:** All agricultural and forest area owned by the same owner within a municipality belongs to the same property regardless of whether it includes several land numbers, title numbers or lease numbers.

**Productive forest area:** Forest area that has an annual yield capacity of at least 1 cubic metre per hectare under favourable stand conditions.

**Supplementary industry:** The Sample Survey of Forestry 2004 defines supplementary industries as industries that utilise the properties' area and resources in forest and other outfields.

**Gross income** consists of total wages and salaries, pensions, entrepreneurial income and property income.

**Entrepreneurial income from forestry** consists of entrepreneurial income from forestry in the municipality where the forest owners live and entrepreneurial income from agriculture and forestry in other municipalities.

**Entrepreneurial income from agriculture** also comprises entrepreneurial social security benefits in agriculture, forestry and fishery. A separate deduction in entrepreneurial income from agriculture is included.

Gross income, supplementary industry: The Sample Survey of Forestry 2004 defines a supplementary industry as an industry that utilises the property's area and resources in forest and other outfields. The gross income is reported by the forest owners.

#### 1.4.2. Standard classifications

Irrelevant

### 1.5. Sources of error and uncertainty

#### 1.5.1. Measurement and processing errors

Primary data are obtained from the forms filled in by the respondents. They may contain errors made by the individual respondents. A number of errors are discovered and corrected during the editing process in Statistics Norway. Errors may also occur during the data processing. Extensive work has been carried out to reduce these errors as much as possible.

#### 1.5.2. Non-response errors

Non-response is mainly due to individual respondents refusing to answer the questionnaire. This type of non-response was 6.5 per cent in 2003. Another type of non-response is due to properties or holdings merging and no longer existing as independent units.

#### 1.5.3. Sampling errors

Variance: There is always a risk of uncertainty in sample surveys. Groups with few observations are particularly sensitive to extreme values, i.e. values that deviate considerably from the average. Such extreme values are consequently assigned a weight equal to 1, so that they only represent themselves in the statistics.

Bias: All types of forest properties are included in this survey. To provide a better representation in counties with few properties a higher percentage of holdings is selected.

#### 1.5.4. Other sources of error

Frame errors: The quality of the register from which the sample is drawn has a crucial impact on the quality of the final result. During the editing process in Statistics Norway it was discovered that the Farm Register was not completely updated with regard to properties that have merged.

### 1.6. Comparability and coherence

#### 1.6.1. Comparability over time and space

In the years 1971–1989, Statistics Norway carried out separate sample surveys of forestry. The sample used in the period 1971–1979 was drawn from the Census of Forestry 1967. The sample used in the years 1980–1989 was drawn from the Census of Agriculture and Forestry 1979. The Census of Agri-

culture and Forestry 1979 was the first complete census conducted in Norway that included both agriculture and forestry. From 1990, an annual sample survey of agriculture and forestry has been conducted. The sample used for the period 1990–1998 was drawn from the Census of Agriculture and Forestry 1989. From 2000, the sample is drawn from the Farm Register of the Norwegian Agricultural Authority.

#### 1.6.2. Coherence with other statistics

Results from the Sample survey of Agriculture and Forestry 2004 are comparable with official statistics based on registers such as the statistics on commercial roundwood removals and silviculture.

### 1.7. Availability

#### 1.7.1. Publications and other links

The main results from the annual Sample Survey of Agriculture and Forestry 2004 are presented on [http://www.ssb.no/english/subjects/10/04/20/skogbruk\\_en/](http://www.ssb.no/english/subjects/10/04/20/skogbruk_en/)  
More tables are available in StatBank Norway on <http://statbank.ssb.no/statistikbanken/>

#### 1.7.2. Microdata

Edited microdata are stored in Statistics Norway.

## 2. Main Results

### 2.1. Small forest properties (Tables 1 and 2)

There were about 118 500 properties with at least 25 decares of productive forestland in Norway in 2003. Three quarters of the properties are less than 500 decares. The average size of a forest property is 570 decares. The total productive forest area has been estimated to be 67.4 million decares.

### 2.2. One in seven forest owners cut for sale (Table 3)

Commercial logging was carried out on 16 per cent of the properties in 2003, a decrease from 21 per cent since 1999. In 2003, a total of 7.9 million m<sup>3</sup> was cut, of which 7.1 million m<sup>3</sup> roundwood was cut for sale. The average cut for sale was 367 m<sup>3</sup> per property with removal for sale. In 1999, the corresponding figure was 302 m<sup>3</sup>.

88 per cent of the total cut for sale came from final cutting, 9 per cent from thinning and 3 per cent from logging of windfall, seed trees and shelter trees.

### 2.3. Three quarters of forest area profitable (Table 4)

According to the forest owners, 78 per cent of the forest area was profitable in 2003. With 90 per cent profitable forest area, the counties of Hedmark and Akershus have the largest profitable forest areas in Norway. In the wes-

tern and northern parts of Norway only half of the productive forest area was considered profitable.

Compared with owners of large forest areas, owners of small forest properties considered a smaller part of their productive forestland as profitable. Forest owners with at least 5 000 decares of productive forest area, said that 85 per cent of the productive forest area was profitable. Among forest owners with less than 100 decares productive forestland, the corresponding figure was 62 per cent.

#### **2.4. Forest owners' labour input (Table 5)**

Forest owners carry out an increasingly smaller amount of the harvesting themselves. In 2003, harvesters carried out 85 per cent of the removals. 20 years ago they did less than 15 per cent of the harvesting. The forest owners' average labour input in practical and administrative work, including labour input from spouses or cohabitants and hired help, was eight man-hours per ten hectares of productive forest area in 2003. The average labour input per 100 cubic metres of removals was 68 man-hours. Labour input by contractors and self-employed is not included.

#### **2.5. NOK 650 million in gross income from outfield activities (Table 6)**

In 2003, the forest owners had a total gross income of NOK 646 million from supplementary industries that utilised the properties' outfield resources. The figures show that 12 per cent of the forest properties had some kind of supplementary industry using the areas and resources in the forest and other outfields in 2003. Three out of five properties with a forest area between 5 000 and 19 999 decares had supplementary industry in 2003, while this was the case for nine out of ten forest properties with at least 20 000 decares productive forest area.

On average, the gross income was NOK 47 000 per property with supplementary industry in 2003. Properties with a productive forest area between 5000 and 19 999 decares had an estimated average gross income from supplementary industries of NOK 115 000 in 2003. Properties with at least 20 000 decares productive forest area, had an estimated average gross income of NOK 826 000.

The labour input in supplementary industries equalled 1.3 million man-hours or 705 man-years in 2003. 777 000 man-hours were carried out by the forest owners themselves. In total, 325 000 man-hours were related to accommodation, services, guiding etc. related to hunting and fishing activities and the sale of hunting and fishing rights.

#### **2.6. Wages and salaries most important income (Table 7)**

In 2003, the average gross income per forest owner was NOK 320 000. Wages and salaries represented NOK 154 000, pensions NOK 50 000, entrepreneurial income NOK 72 000 and other income NOK 44 000. The average entrepreneurial income from forestry was only NOK 8 000.

There are almost 27 000 personal forest owners with at least 50 hectares productive forest area in Norway. Although they only represent 25 per cent of the personal forest owners, they generate more than two thirds of the total entrepreneurial income from forestry in 2003. On average, their entrepreneurial income from forestry was NOK 23 000.

**1. Eigedomar<sup>1</sup>, etter storleiken på produktivt skogareal. Fylke. 2003**  
*Properties<sup>1</sup>, by size of productive forest area. County. 2003*

	Eigedomar i alt <i>Properties, totalt</i>	Storleiksklasser i dekar <i>Size classes in decares</i>						
		25-249	250-499	500-999	1 000-1 999	2 000-4 999	5 000-19 999	20 000-
<b>Heile landet</b> <i>The whole country. . . . .</i>	<b>118 512</b>	<b>67 427</b>	<b>23 021</b>	<b>15 523</b>	<b>7 933</b>	<b>3 444</b>	<b>945</b>	<b>218</b>
<b>Fylke County</b>								
Østfold . . . . .	5 385	3 152	1 086	660	336	109	38	4
Akershus/Oslo . . . . .	5 318	3 286	973	604	261	117	57	20
Hedmark . . . . .	11 065	5 976	1 872	1 378	857	608	290	85
Oppland . . . . .	10 806	6 230	2 018	1 277	777	347	135	23
Buskerud . . . . .	7 352	3 638	1 306	1 111	681	480	122	14
Vestfold . . . . .	3 587	2 585	527	315	114	39	5	3
Telemark . . . . .	6 630	2 983	1 324	1 060	816	352	83	13
Aust-Agder . . . . .	4 342	1 909	745	658	605	374	:	:
Vest-Agder . . . . .	5 060	1 924	1 421	1 144	479	88	4	-
Rogaland . . . . .	4 457	3 108	703	439	162	43	:	:
Hordaland . . . . .	8 144	5 582	1 711	651	168	27	4	-
Sogn og Fjordane . . . . .	5 968	3 549	1 295	784	304	27	:	:
